

Notat

Dato: 22.09.20
Arkivsak: -
Saksbehandlar: Adelheid Nes

Til: VLFK ved sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Bybanen as v. Adelheid Nes

Oppfølging etter selskapskontroll av Bybanen AS

I perioden januar- mai 2019 vart det gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS. Basert på funna i selskapskontrollen vart det gitt følgjande tilrådingar til Bybanen as:

Revisjonen vil vidare tilrå at Bybanen AS sett i verk følgjande tiltak:

- 1) Utarbeide ein styreinstruks*
- 2) Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret*
- 3) Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutine for budsjettarbeidet blir skriftleggjort*
- 4) Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen*
- 5) Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:
 - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen*
 - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.**
- 6) Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane*

Bybanen as er bedne om å rapportere til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune status på tilrådingane etter selskapskontrollen.

Status tilrådingar:

Tilråding	Tiltak	Status	Dokumentasjon
Utarbeide ein styreinstruks	Legge fram styreinstruks for vedtak i styret	Utført.	Styreinstruks vedlagt
Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret	Registrere styremedlemmar i styrevervsregisteret	Utført	Vedlagt utskrift
Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutineane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort	Avklaring i samarbeid med administrasjonen i VLFK i samband med etablering av eigarstyringsmodell	Pågåar. Planlagt ferdigstilt haust 2020	
Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen	Dokumentere rutinar i samband med etablering av nytt kvalitetsstyringssystem	Pågåar. Planlagt ferdigstilt haust 2020	
Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendingar, inkludert:	Forbedringsprosjekt knytt til informasjonsflyt mellom Bybanen as og Keolis igangsatt.	Pågåar. Planlagt ferdigstilt tiltak med høg prioritet haust 2020.	
a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen	Forbedringsarbeid knytt til informasjonsflyt mellom Skyss og Bybanen as igangsatt.	Pågåar. Planlagt ferdigstilt haust 2020	
b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.	Formalisere rutinar for intern og ekstern informasjonsflyt i samband med etablering av nytt kvalitetsstyringssystem	Under arbeid. Planlagt ferdigstilt haust 2020	

	Vurdere etablering av digital plattform for informasjonsutveksling som del av pågående digitaliseringsprosjekt	Pågår. Planlagt sluttdato ikkje fastsett.	
Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane	Deltar i arbeidsmøter m. Bybanen utbygging og Skyss i samarbeid med seksjon for strategi og eigarstyring i avdeling for mobilitet og kollektivtrafikk.	Under arbeid*. Planlagt ferdigstilt fjerde kvartal 2020.	

*Det er per september 2020 gjort eit stort arbeid knytt til revidering av avtalane mellom Skyss og Bybanen as, og Bybanen utbygging og Bybanen as, og det føreligg reviderte utkast til begge avtalane. For å komme i mål med dette arbeidet er det avdekt eit behov for å slutføre arbeidet i samarbeid med eigar slik at roller og ansvarsforhold vert handtert i hht. VLFK sin eigarstrategi og mål for Bybanen og kollektivtrafikken. Dette arbeidet pågår, og vert leia av avdeling for mobilitet og kollektiv i VLFK.